

David Aasen Sandved
Fylkeskommunen
Boks 7900
5020 Bergen

17/9-2017

Viser til hyggjeleg telefonsamtale om Rosenlund, gamle doktorgarden i Fusa.

Eg representerer Eikelandsfjorden Pensjonistlag som har litt over 30 medlemmer, og driv helst med forebyggjande arbeid for dei eldre,-- og satsar mykje på trim og sosialt samver av humoristisk karakter.


På ein busstur til Sogn i juli, kom vi i kontakt med ei dotter til dr. Skagestad, som var distriktslækjar i Fusa for ei tid tilbake. Ho fortalde at ho hadde vore på Fusa ein liten tripp, og var svært skuffa over tilstanden på den tidlegare doktorgarden.

Difor tok eg kontakt med Deg, for å få greide på situasjonen, når det gjaldt freding (eventuelt korleis ein skal gå fram for å få betra tilhøva).

Eg tok kontakt med ein polititar (konfidensielt) om problemet, og han ba meg ta kontakt direkte med fylket for å få dei rette opplysningane om Rosenlund. Han hadde ikkje kjennskap om at der løyvt midlar til vedlikehald og bad om å få dette konkretisert, før ein gjekk vidare med saka.

Derfor ber eg no om at vi får meir greide på situasjonen, slik at vi ikkje gjer noko som kan skade saka,--- vi er fleire som syns det er synd at saka ikkje blir prioritert av Fusa Kommune,-- kanskje ligg der litt vønnskap også inne i problemet.

Kan Du ringj meg, når Du får brevet,--slik at eg veit at det er kome i rette hender. Trur ikkje det er rett at kommunen blir gjort kjend med dette enno.

Med helsing

Gudleik Østerbø

adr: Leitet 22
5640 Eikelandsosen
tlf. 91582633